

Vedlegg 2 Ordforklaring

For å forstå regelverket rundt avløpshandtering, er det enkelte omgrep ein må ha kontroll på.

PE (personekvivalent) er den mengda organisk stoff (forureining) som éin person i gjennomsnitt bidrar med per døgn.

Ein PE innanfor avløp svarar til:

- 60 gram BOF_5 per dag (biokjemisk oksygenforbruk over 5 døgn, som mål på organisk belastning)

BOF_5 (biologisk oksygenforbruk) skildrar forbruket av oksygen frå mikroorganismar i vatn som brukar oksygen for å bryte ned organisk materiale, over ein periode på 5 døgn ved 20°C . Jo høgare BOF_5 , jo større organisk forureining.

KOF_{Cr} (kjemisk oksygenforbruk) skildrar kor mykje oksygen som trengs for å oksidere organisk stoff i vatn ved bruk av dikromat (Cr). Dette stoffet er sterkt reaktivt og prøven gjev eit bilete av den totale mengda organisk forureining i prøven.

KOF_{Cr} gjev vanlegvis høgare resultat enn BOF_5 , då sistnemnde berre måler den delen av forureininga som kan brytast ned biologisk. Samanlikninga mellom KOF_{Cr} og BOF_5 kan seie noko om kor lett avløpsvatnet er å reinske biologisk.

Eksisterande definisjonar

I gjeldande utgåve av Forureningsforskriften er det ulike definisjonar som gjeld. Under kjem begrepsforklaring på eit knippe av desse:

Enkel reinsing

Definert i Forureiningsforskrifta §13-8 *utslepp til mindre følsomt område* krev at utslepp ikkje skal forsøple sjø og sjøbotn, og minst etterkome ein av følgjande:

- a) 20% reduksjon av SS-mengda i avløpsvatnet rekna som årleg middelvei av det som blir tilført avløpsanlegget
- b) 100 mg SS/l ved utslepp rekna som årleg middelvei
- c) Sil med lysopning på maks 1mm, eller
- d) Slamavskiljar utforma i samsvar med §13-11

Nye anlegg eller eldre anlegg med utvida belastning skal tilfredsstille krav i a eller b

Primærreinsing

Definert i §14-2 a) i Forureningsforskriften som ein reinseprosess der både

1. BOF_5 -mengda i avløpsvatnet reduserast med minst 20% av det som blir tilført reinseanlegget, eller ikkje stige over 40 mg O_2 /l ved utslepp, og
2. SS-mengda i avløpsvatnet reduserast med minst 50% av det som blir tilført reinseanlegget, eller ikkje stig over 60 mg/l ved utslepp.

Sekundærreinsing

Definert i §14-2 i Forureningsforskriften som ein reinseprosess der både

1. BOF_5 - mengda i avløpsvatnet blir redusert med minimum 70% av det som blir tilført reinseanlegget, eller maksimalt 25mg O_2 /l ved utslepp, og

2. KOF_{CR} -mengda i avløpsvatnet blir redusert med minimum 75% av det som blir tilført reinseanlegget, eller maksimalt 125 mg O_2/l ved utslepp.

Definisjonen samsvarar med kravet i

Fosforreinsing

Definert i §14-2 c) i Forurensningsforskriften som ein reinseprosess der fosformengda i avløpsvatnet reduserast med minst 90% av det som blir tilført reinseanlegget.

Nitrogenfjerning

Definert i §14-2 d) i Forurensningsforskriften som ein reinseprosess der nitrogenmengda i avløpsvatnet reduserast med minst 70% av det som blir tilført reinseanlegget.

Nytt avløpsdirektiv

Nytt avløpsdirektiv er førebels ikkje vedteke innlemma i norsk lov. Det er likevel gjeve tydelege signal frå EU om korleis krava skal tolkast og innførast. Fagbladet Vannspeilet hadde i utgåve nr. 2/2024 ein grunding gjennomgang av temaet og ein presentasjon av fylgjande tabell

Type rensing, krav og hvem som får kravet

Type rensing	Reduksjon av	Krav	Hvem	Frist
Sekundærrensing	Organisk stoff	70-90 % BOF_5 eller 25 mg/l og 75 % KOF eller 125 mg/l	Anlegg omfattet av kravet i dagens direktiv	Skal ha oppfylt kravet i dag
			Anlegg i tettbebyggelser fra 2 000 pe med utslipp til det som i dag er «mindre sårbart» område	Utgangen av det 12. året etter at direktivet er vedtatt
			Anlegg i tettbebyggelser fra 1000-2000 pe	31.12.2035
Tertiærrensing	Fosfor og nitrogen	0,5 mg P/l eller 90 % og 8 mg N/l eller 80 %	Anlegg fra 150 000 pe	30 % innen 31.12.2033, 70 % innen 31.12.2036, 100 % innen 31.12.2039
		0,7 mg P/l eller 87,5 % og/eller 10 mg N/l eller 80 %	Anlegg i tettbebyggelser fra 10 000 pe med utslipp til sårbart område og anlegg fra 10 000 pe i nedbørfeltet til disse områdene	20 % innen 31.12.2033, 40 % innen 31.12.2036, 60 % innen 31.12.2039, 100 % innen 31.12.2045
Kvartærrensing	Mikroforurensinger	80 % av indikatorstoffer	Anlegg fra 150 000 pe	20 % innen 31.12.2033, 60 % innen 31.12.2039, 100 % innen 31.12.2045
			Anlegg i tettbebyggelser fra 10 000 pe med utslipp til sårbart område	10 % innen 31.12.2033, 30 % innen 31.12.2036, 60 % innen 31.12.2039, 100 % innen 31.12.2045

Figur 1: Frå "Vannspeilet" nr 2/2024